

Full kyrkje under stemningsfull konsert

15.12.2013



Tore og Åsne tek imot stor applaus

Kyrkja var full under den tradisjonelle julekonserten i kveld. Og det var rett og rimeleg for standarden musikalsk og sangleg sett vert høgare for kvart år. Soknerådet treng heller ikkje reisa langt for å få stigning i programmet. Eit døme på det var kveldens klare høgdepunkt - songpartiet med ekteparet Åsne Kvamme og Tore Kloster. Då dei stemte i med O helga natt var julestemningen fullkommen,



[Skulemusikken - betre for kvar konsert](#)

Konsertkomiteen hadde også gjort andre vellukka grep.

Det er til dømes ikkje tvil om at oppvarmingsrunden med Musikklaget som spelar julemusikk ein halv time før sjølve konsertstarten er gunstig for frammøtet.

Det er også klokt å halda på dei samme hovudaktørane: Skulemuskken, Røysterett for alle og trekkspelklubben. Denne gongen set vi ei ekstra stjerne ved dei fyrtse, for under leiing av Tor Skeie Olsen gjer dei framsteg frå konsert til konsert. No er ikkje korpsset lenger lillebroren i julekonserten.

Koret hadde denne gongen noko så spesielt som ei urframføring av ein julesong å by på, med tone av dirigent Maria Malmsten og tekst av Svein

Rimestad. Det er vel ikkje sannsynleg at dette vert ein ny Glade jul, men kreativiteten bør i alle høve berømmast. Koret bør ellers rosast for sin entre til Lussinatti lange og Mitt hjerte alltid vanker.

Men det nummer som vi falt mest for var trekkspelklubbens punktum finale - kanon av Pascelbel. Den sprudlar av glad musicalitet og skaper den rette julestemningen.

Også prostiprest Pål Dale bidro til det med sin vandring i Jesu føderom.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.



Etter urframføring: Komponisten smilar og tekstforfattaren bukker